



DEN NORSKE KYRKJA

Ikorntnes sokneråd

Referat frå møte i Ikorntnes Sokneråd 10.08.2022 Ikorntnes kyrkje kl. 20:00

Til stades: Knut Farstad, Janita Kurseth Eikemo, Ellen B Vatne, Ingmund Eliassen, Bergljot Hjortdal, MagnarVigstad og Anita Øvergård.

Sak 30/22 Innsettings-gudsteneste 21.08.

Svein Runde har regien på denne, og har kontakta Magnar om å skaffe «lekfolk» til å bidra i seremonien. Ellen er tekstlesar. Vi må få inn en artikkel i Nyss om nye-presten også. Knut og Arild Sporsheim tar seg av dette 😊

Vi bestiller stor marsipankake på Bunnpris (Janita). Vi får hjelp av Aud og Tone med kyrkjekaffien. Ikkje noko spesielt program for sammenkomsten ved kyrkjekaffien.

Sak 31/22 Soknemøtet

Dette må utsettast til neste gudsteneste på Ikorntnes: Søndag 11. september. Og bør annonserast / kunnngjerast i forkant.

Sak 32/22 Konsert i haust – Jon Reidars?

Magnar kontakter Jon Reidar og høyrer om dei er ledig en fredag i oktober. Vurdere kva opplegg vi evt. skal ha etterpå, sosialt i kjelleren med mat og utlodning?

Sak 33/22 Fornyng kontrakt misjonsavtalen med Midtausten, NMS

Vi har fått spørsmål frå NMS om denne skal fornyast? Knut og Janita ser på kva vi gir pengar til i dag, og evt. om der er andre potensielle gode formål... Så tar vi det igjen neste møte.

Soknerådet bestemmer kven som skal få kollekten, men vi overlet til presten å bestemme rekkefølga – tilpasser til «dagens tema» for Gudstenesta.

Fordelinga slik den har vore vedr kollekt siste tre åra:

2 x NMS (Midtausten) – forplikta	2 x Kirkens Bymisjon (forplikta)
2 x Kirkens Nødhjelp – julaften + fasteaksjonen	Orreneset
Fjellsetra Ungdomssenter	Sunnmøre Søndagsskulekrins
Bibelselskapet	Kirkens SOS
TV-aksjonen (dersom gudsteneste denne søndagen)	



DEN NORSKE KYRKJA

Ikkornnes sokneråd

Sak 34/22 Barne- og ungdomsrådet

Janita er vår representant her, men det har vore labeer aktivitet i det siste. Er dette eit eksisterande råd fortsatt, eller?

Sak 35/22 Konsert / gospelkveld i løpet av hausten?

Rose Iren har ønske om å arrangere dette. Tenker å invitere våre lokale flinke musikere som Matias Utgård, Anette Fet, Fauske + + Må prøve å finne en passande dato, så hjelper vi til å arrangere.

Sak 36/22 Eventuelt

Knut seier at ved konserter / arrangement i kyrkja er det viktig å få lagt inn ei «folkelig andakt». Då vert det rekna som godkjent kyrkjebesøk og vi får antal publikummere registrert.

Anna forslag til mulig arrangement: Minnast du songen. Dette var svært populært sist vi hadde det her...

Knut lurar på kva aktivitet som er i kyrkja utanom gudstenestene.

Det har vore labert dei siste to åra grunna CV19, men det er Tysdagstreffet for dei «vaksne», barnekoret torsdagane.

Kva med å starte opp igjen «Tweens-klubben»? Dette var svært populært tidligere.

«Lys Våken» for 11-åringane, 5. klasse.

«Tårnagentane» hadde vi før, var ei helg for 8-åringar.

Knut informerte om at det er planer om nytt opplegg for konfirmantane: Dei blir delt opp i mindre grupper, og så møtest dei i heimen til nokon som har tatt på seg oppgåva med å vere vertsskap/organisator for det som kyrkja legg opp til. Meir som samtalegrupper, og så er det kanskje enklere å komme til orde når det er færre som skal delta i diskusjonen. Spannande 😊

Neste møte: Onsdag 14. september kl 20

Anita Øvergård

skrivar